



# Indre Hordaland Revisjonsdistrikt

Forvaltningsrevisjon | Rekneskapskontroll | Intern kontroll | Rådgjeving og oppdrag



## Ulvik herad | Finansiell revisjon

2014

**Interimsrevisjon per 31.12**

## Innhald

1 Innleiing .....	3
2. Områder .....	5
2.1 Innkjøpsområdet .....	5
2.2 Driftsmidler .....	5
2.3 Lønnsområdet .....	6
2.4 Inntektsområdet/Salsområdet .....	6
2.5 Sjølvkostområdet.....	6
2.6 Overføringsområdet .....	7
2.7 Finansområdet.....	7
2.8 Likvidområdet .....	7
2.9 IKT .....	8
3 Momskompensasjon/Attestasjonar .....	8
4 Forvaltningsrevisjon/selskapskontroll .....	9

# 1 Innleiing

Vår revisjon for året 2014 er ikkje ein fullstendig gjennomgang av rekneskap og rutinar. Vi har som ein del av vårt revisjonsarbeid vurdert heradet sin interne kontroll i den utstrekning vi har funnet det nødvendig i medhald av god kommunal revisjonsskikk. Vidare har vi utført direkte kontroll av utvalde områder, rutinar, og spesielle postar i rekneskapen.

Avdekkja forhold og spørsmål blir normalt tatt opp med administrasjonen. dersom vi meiner at det vi avdekker er alvorleg sender vi nummerert brev til kontrollutvalet med kopi til administrasjonen.

## *Metodikken*

Vi brukar Descartes sin revisjonsmetodikk, Descartes er ein Windows-applikasjon, tilpassa for å dekkje revisorane sine behov, og vil støtte dei til einkvar tid gjeldande revisjonsstandardar.

Metodikken er inndelt i fasar og revisjonssteg.

### **Fasane er:**

1. Innleiande revisjonshandlingar
2. Forretningsforståing og risikofaktorar
3. Kontrollvurdering pr. område
4. Vidare revisjonshandlingar pr. område
5. Avsluttande revisjonshandlingar

## *Planlegging*

Dette inneber innhenting av kunnskap om heradet der risikoelement vert avdekkja og vesentlege postar/element vert identifisert. Det vert føretatt ei kartlegging av intern kontroll/foreløpig vurdering av kontrollrisiko. Vidare vert det gjort ei vurdering av kva som vil vera vesentlege feil i rekneskapsrapporteringa for heradet samt å kartlegga kor det er størst risiko for at vesentlege feil oppstår.

Vurdering av heradet sin art er kjelde til å identifisere transaksjonsklassar, risikofaktorar og mislegheitsrisikofaktorar. Identifiserte transaksjonsklasser utgjer store deler av populasjonen som revisor skal revidere og foreta stikkprøver frå.

## *Risikovurdering*

Revisor skal utføre risikovurderingshandlingar for å danne eit grunnlag for å identifisere og anslå risiko for vesentleg feilinformasjon på rekneskap- og påstandsnivå.

Revisor må skaffe seg kunnskap om dei kontrollar som er relevante for revisjonen, under dette overvakingskontrollar som medverkar til å sikre at påstandane vert oppfylt og at risikoen for vesentleg feilinformasjon i rekneskapen vert redusert og styrt.

### **Vesentlegheitsvurdering**

Revisor må ta standpunkt til grensa for feilinformasjon i rekneskapen som kan akseptrast utan at det vil føre til at rekneskapsbrukarane treff andre avgjersler enn elles. Det må definerast ei vesentlegheitsgrense for kva som vert sett på som vesentleg feilinformasjon i rekneskapen

- Fastsette nivå for totalvesentlegheit
- Talfeste totalvesentlegheitsgrensa

Skal gjerast som grunnlag for å bestemme type, tidspunkt og omfang av revisjonshandlingar

### **Revisjonsstrategi**

Basert på vurderingane i revisjonsplanen vert det konkludert vedrørande revisjonsmessig angrepsvinkel, som grunnlag for revisjonsprogram

### ***Kontrollfasen***

Gjennomføring av revisjonshandlingar jamfør revisjonsprogram.

*Vi vil kort kommentera dei ulike transaksjonsklassane*

## 2. Områder

### 2.1 Innkjøpsområdet

Vår revisjon har bestått av kartlegging og vurdering av den interne kontrollen. Viktig for oss er kontrollmiljøet, der vi bygger på våre erfaringar frå tidlegare år, samt etikk og leiinga si involvering.

Gjennom denne kontrollen har vi fått kunnskap om kontrollmiljøet i heradet, om kontrollmessige sterke og svake sider og ei forståing av korleis rekneskapstransaksjonane vert generert, registrert og rapportert.

Vurderinga som vi har gjort bygger på informasjon innhenta gjennom kartlegging og gjennomgang av rutinar i forbindelse med interimrevisjonen. I tillegg nyttar vi kunnskapen i eigen organisasjon om regelverk, rutinar og prosesser i heradet.

I interimrevisjonen testar vi kontroller i rekneskapsrutinar slik at vi får verifisert at dei har fungert i heile rekneskapsperioden. Kartlegginga av området har ikkje avdekket vesentlege svakheiter i rutinane. Internkontrollen på overordna nivå er tilfredsstillande.

På området har vi også vurdert avgiftsforhold, sett på kompleksitet, spesielle krav i regnskapsreglene. I samband med innkjøpsområdet og salsområdet tar vi også stikkprøver av ordinær mva.berekening. Vi har ikkje avdekket vesentlege feil.

I 2015 gjennomfører forvaltningsrevisjon for innkjøpsområdet.

Vår revisjon på området hittil har ikkje avdekket vesentlege feil eller manglar.

### 2.2 Driftsmidler

I samband med revisjon av årsoppgjeret vert innkjøp vurdert i forhold til drifts-/ eller investeringsrekneskapen (overordna prinsipp). Dette område får stor merksemd når vi reviderer årsrekneskapen.

Vi kontrollerer blant anna følgjande:

- Er årets tilgang (investeringar) aktivert
- Er eventuelle salsinntekter bokført korrekt
- Er finansieringa av investeringane registrert i samsvar med vedtak/budsjett
- Er meirverdiavgiftskompensasjonen frå investeringar bokført i investeringsrekneskapen.

## 2.3 Lønnsområdet

Vi har kontrollert at eit utval av rutinane for kontroll fungerer som føreset. I tillegg er rutinen for avstemming mellom hovudbok og lønssystemet kontrollert.

Det er gjennomført ein stikkprøvekontroll av variabel løn i 2014. Ingen tilsette har arbeidd for mykje overtid i revisjonsåret.

Avstemminga av lønn mot rekneskapen per 31.12.14 vert gjennomført i samband med revisjon av årsrekneskapen.

Vår revisjon har ikkje avdekket vesentlege avvik på området.

Vi har kontrollert om det er utført overtidarbeid som ikkje er i samsvar med arbeidsmiljølova. Vi fann ikkje brot på lova.

## 2.4 Inntektsområdet/Salsområdet

Vår revisjon har bestått av gjennomgang av konti på området, testing av rutinar og stikkprøvekontroll av transaksjonar (utgåande faktura). Vi har sett på rutinar for utfakturering.

Våre kontroller har så langt ikkje avdekket vesentlege feil eller manglar ved grunnlag og berekningar.

## 2.5 Sjølvkostområdet

I overordna revisjonsstrategien for Ulvik herad var eit av fokusområda kontroll av kostnader i sjølvkostområdet, då vi meinte at ny rettleiar for sjølvkostområdet ville gjelde for 2014.

Ny rettleiar H-3/14<sup>1</sup> for sjølvkostområdet vert gjort gjeldande frå 2015, men herad eller selskap som er omfatta av reglane om sjølvkost, kan leggja dei nye retningslinjene til grunn for etterkalkylen/sjølvkostrekneskapen også for 2014, om dei sjølv ynskjer det.

---

<sup>1</sup> H-3/14: Retningslinjer for beregning av selvkost for kommunale betalingstjenester

## 2.6 Overføringsområdet

Dette er eit viktig område som må reviderast grundig i samband med årsavslutninga. Innanfor dette området har vi store inntekter/overføringar: overføringar med krav til motyting, (Refusjonar frå staten, sjukelønnsrefusjon, refusjonar frå fylkesmannen, refusjonar frå andre (private), rammetilskot, andre statlege overføringar, andre overføringar, skatt på inntekt og formue, eigedomsskatt og andre direkte og indirekte skattar.

Vi ha kontrollert om krav sjukepengar og fødselspermisjon er fakturert i 2014.

Dei største inntektene er rammetilskot og skatt på inntekt og formue. Desse inntektene avstemmer vi mot Kommunal og Moderniseringsdepartementet (KMD) sine utbetalingar gjennom rekneskapsåret og dei to første terminane i det nye året. Gjennom året kontrollerer vi at utbetalingar via rammetilskotet blir bokført på korrekt konto. Rammetilskotet er avstemt per 31.12. Vi kontrollerer at desse overføringane vert bokført på rett konto når vi reviderer årsrekneskapen.

## 2.7 Finansområdet

Finansområdet er eit område som i hovudsak vert revidert i samband med årsoppgjeret.

Vår revisjon har bestått av gjennomgang av konti på området, og å oppdatera grunnlagsdokumentasjon på området.

Vi har også sett etter at heradet betalar avdrag og renter fortløpande gjennom året. Vi kontrollerer også om det blir rapportert i samsvar med finansreglementet.

Vår revisjon på området har ikkje avdekka vesentlege feil.

## 2.8 Likvidområdet

Vår revisjon har bestått i gjennomgang av konti og vurdering av rutinar på området, i tillegg er det kontrollert at alle likvidkonti vert fortløpande avstemt.

Vår revisjon på området hittil har ikkje avdekka feil eller manglar.

## 2.9 IKT

I 2013 kontrollerte vi kunderegisteret og leverandørregisteret som er knytt til økonomisystemet. Gjennom denne kontrollen gjorde vi følgende funn:

- Hol i nummerrekkefølgen
- Dobbelregistrerte kundar og leverandørar

Vi har fått tilbakemelding frå økonomikontoret for funna vi gjorde for kundar og leverandørar.

### **Er Kundane dobbelt registrert?**

- Parkert
- Korrigert tekst som ikkje er korrekt og parkert
- Dobbelregistrert pga kven/kva det er knytta til

### **Hol i nummerrekkefølgen**

- Parkert pga dobbeltreg.
- Finn ikkje nummer

### **Er leverandørane dobbelt registrert?**

- Parkert dei som ikkje er ok
- Finn ikkje feilen (har ikkje leverandørnummer)

### **Hol i nummerrekkefølgen**

- Finn ikkje årsaken til feilen

I følge Agresso kan hol i nummerrekkefølgen ha oppstått ved konvertering av data frå det gamle økonomisystemet.

## 3 Momskompensasjon/Attestasjonar

Formålet med revisjonen:

Er å kunne gi ein uttale i medhald av ISA 805:

*”Særlige hensyn ved revisjon av enkeltstående regnskapsoppstillingar og spesifikke elementer, kontoer eller poster i ein regnskapsoppstilling...”*

Revisjonen skal spesielt uttala seg om:

- Ulvik herad er omfatta av momskompensasjonsordninga
- Mva oppgåva ikkje inneheld vesentlege feil.



Revisjonsmålsetjingar:

- Mva. er berre berekna for område/tenester som er omfatta av ordninga
- Mva. beløpet er korrekt berekna
- Registrert i rett periode
- Dokumentasjon er tilfredsstillande; originaldokument, adressert til heradet og gjeld heradet, korrekt tilvist, rett beløp og rett kode.

For rekneskapsåret har vi godkjent alle 6 terminar. Det vert tatt ut lister for all kompensasjon for den enkelte termin som vert kontrollert på stikkprøvebasis. I tillegg til målsetjinga som nemnd ovanfor føretek vi og vanleg vedleggskontroll (som på innkjøpsområdet) på utplukket. Ved feil tek vi dette opp (som regel per mail) med økonomikontoret som rettar det seinast i neste periode.

## **ATTESTASJON**

Ein del av revisjonen går ut på å attestere/gi ein uttale på andre dokument for gjennomført kontroll som ikkje er revisjon. Slike attestasjonar skal fylgje dei til ein kvar tid gjeldande revisjonsstandardar (ISA-er).

Desse rekneskapa kan vere byggerekneskap eller rekneskap, spelemiddelrekneskap og andre tilskot. Det kan vera kommunale prosjekt eller prosjekt initiert frå idrettslag. Søknadar til byggjeprojekt som er eigd av eit idrettslag skal gå gjennom den kommunale forvaltninga og reviderast av den revisjon som heradet brukar.

I tillegg til dette har vi hatt ein del andre attestasjonsoppgåver som lønnsrefusjonar frå NAV, refusjon frå Staten for ressurskrevjande brukarar og tal psykisk utviklingshemma

Ved attestasjonane har vi ikkje avdekka vesentlege feil eller manglar.

## **4 Forvaltningsrevisjon/selskapskontroll**

I 2014 har vi gjennomført forvaltningsrevisjon av:

Oppfølging av handlingsplanar og vedtak.

I tillegg bestilte kontrollutvalet i møte 3. desember forvaltningsrevisjon av offentlege innkjøp.

Odd J. Storebø

Revisjonssjef